



Notat til politisk nivå

Vår referanse

2026/1682 -2

Dato

02.09.2026

Sak	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	
	Formannskapet	

Frå:

Kommunedirektøren

Implementering av ny elektronisk pasientjournal

Overgang til nytt skybasert journalsystem i helse og velferd

Helse og velferd i Austevoll kommune skal i 2027 gjennomføre overgang til eit nytt skybasert journalsystem. Målet er å forenkle arbeidsprosessane og styrkje tryggleiken i handteringa av data. Arbeidet er forankra og organisert som eit felles prosjekt i IKT-samarbeidet, der 31 kommunar deltek.

Sjølv om IKT-samarbeidet gjev prosjektstøtte, vil innføringa krevje omfattande lokal innsats i dei einskilde kommunane. Det er behov for å etablere ei lokal prosjektleiarstilling på om lag 40 prosent. Prosjektet er delt inn i seks fasar: kartlegging, rydding, plotting, opplæring, oppstart og etterarbeid. Kartleggingsfasen omfattar mellom anna gjennomgang av alle journalar, oppdatering av diagnoser og kontroll av vedtak. Plotting inneber registrering av pasientinformasjon, tiltak og vedtak i det nye journalsystemet. Det er estimert at dette arbeidet vil krevje om lag to til tre timar per journal eller pasient.

Gjennomføringa føreset tilgang til tilsette med nødvendig kompetanse og kjennskap til pasientane. Det vil òg vere behov for frikjøp av personell, tid til kurs, trening og øving, samt vikarressursar. Dei samla kostnadene knytte til innføringa av nytt journalsystem vil bli lagde fram i samband med budsjettprosessen.

